



Byggmester Romarheim AS
Kolåsvegen 122A
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10568 - 22/10568

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
07.02.2022

Søknad om samanslåing av brukseiningar vert avvist - gbnr 107/3 Kolås

| | |
|-------------------------------|--|
| Administrativt vedtak. | Saknr: 140/22 |
| Tiltakshavar: | Marlen Kolås Romarheim |
| Ansvarleg søkjar: | Byggmester Romarheim AS |
| Søknadstype: | Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd. |

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 vert søknad om samanslåing av brukseiningar avvist.

Alver kommune finn at det ikkje er nødvendig å søkja om samanslåing av brukseiningar. Bygget er godkjend oppført som einebustad. I den grad det er behov for å tilbakeføra bygget i tråd med godkjende teikningar, legg vi til grunn at dette vert utført.

Søknaden vert oversend Kart og oppmåling for retting av bygningsopplysningar og adresser i matrikkelen i tråd med byggeløyve datert 07.04.2014.

Byggesaka vert avslutta.

Tiltak

Saka gjeld samanslåing av brukseiningar i bustad/våningshus på gbnr 107/3 slik det går fram av søknad journalført mottatt 16.12.2021.

Bygget på gbnr 107/3 vart godkjend oppført som einebustad i vedtak datert 07.04.2014, men er registrert som einebustad med hybel/sokkelleilighet (kode 112) og to adresser, Kolåsvegen 122 A og B.

Bygget er truleg feilregistrert i matrikkelen på grunnlag av ikkje godkjend teikningar. Det vart opprinnleg søkt om og lagt ved teikningar som viser to bueiningar i bygget, men teikningar og søknad er revidert gjennom søknadsprosessen. Revidert søknad og teikningar som er journalført mottatt 02.04.2014 viser ei bueining, og er lagt til grunn for løyvet til oppføring av bustad på eigedomen. Reviderte og godkjende teikningar stemmer også med teikningar som du har lagt ved søknaden om samanføyning.

Alver kommune finn på bakgrunn av opplysningar over at det ikkje er nødvendig å søkja om samanslåing av brukseiningar. Bygget er godkjend oppført som einebustad. Søknaden vert avvist. I den grad det er behov for å tilbakeføra bygget i tråd med godkjende teikningar, legg vi til grunn at dette vert utført.

Søknaden vert oversend Kart og oppmåling for retting av bygningsopplysningar og adresser i matrikkelen.

Løyve til oppføring av bustad datert 07.04.2014 og godkjende teikningar følgjer vedlagt.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til oppføring av bustad etter brann - gbnr 107-3 Kolås
Godkjende teikningar bustad gbnr 107-3

Kopi til:

| | | | |
|-------------------------------------|------------------|------|----------|
| Alver kommune ved Kart og oppmåling | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Marlen Kolås Romarheim | Kolåsvegen 122 A | 5955 | LINDÅS |

Mottakarar:

| | | | |
|-------------------------|-----------------|------|--------|
| Byggmester Romarheim AS | Kolåsvegen 122A | 5955 | LINDÅS |
|-------------------------|-----------------|------|--------|